



”Geit i Vekst”

v/Ola Søgnesand
Postboks 62
6801 Førde
Mobilnr: 90996816
E-post: ola.sognesand@tine.no

Dato: 09.03.2009.

Til fylkeslaga av:

Sau og Geit

Bondelaget

Bonde- og Småbrukarlaget i Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal

Norsk Sau og Geit

Slaktetilskot til kje.

Syner til vedlagde brev av 24.10.08. om endra vektgrense for slaktetilskot til kje.

Kort fortalt handlar brevet om at vektgrensa for kje som det blir gjeve slaktetilskot til, vart heva frå 3,5 – 5,0 kg under jordbrukstingingane i 2008

Endringa var ikkje forankra i næringa og har skapt stor frustrasjon både hos produsentane og hos Nortura.

I brevet vart det kravd at vektgrensa måtte justerast tilbake til 3,5 kg under justeringsforhandlingane hausten 2008. Slik blei det ikkje.

Det har teke forholdsvis lang tid å få avklara den vidare lagnaden for denne saka.

Tilbakemeldingar Geit i Vekst har fått den seinare tid, tyder på at den vil bli teken att under årets jordbrukstingingar.

Det er viktig at ei justering av vektgrensa attende til 3,5 kg får verknad frå 1. januar 2009. Slaktetilskot til kje som blir slakta i 2009 kan først søkast om ved januarsøknaden 2010. Slik sett skulle det ikkje vere praktiske vanskar med eit vedtak med verknad frå 1.januar 2009.

Etter at brevet av 24.10 08. blei sendt, er ein blitt kjend med ein detalj rundt slaktetilskotet til kje som absolutt bør endrast under årets jordbrukstingingar. Det syner seg at i teksten for slaktetilskot til kje står det at kjea må vere over 3,5 kg (no over 5,0 kg) for å få dette tilskotet. Dette medfører at Statens landbruksforvaltning (SLF) først betalar slaktetilskot til kje med vekt 3,6 kg og over. (no kje med vekt 5,1 kg og over).

Når det no er planen å sjå på vektgrensa i samband med årets jordbrukstingingar, så bør teksten for slaktetilskotet endrast slik at det blir gjeve tilskot til kje frå og med 3,5 kg.

Ei slik endring vil medføre at vektgrensa for slaktetilskot blir lik Nortura si vektgrense, noko som vil vere heilt naturleg.

Med helsing

Ola Søgnesand